



Dugnaden pågår ovanfor Haugland (Foto: Kåre Vetrhus)

Gjev fying med bjørk og ask betre korsong?

Ikkje veit vi, men det er i alle fall eit faktum at sal av dei to treslaga gjev Røysterett for alle større ressursar slik at dei kan syngja enda betre. No ligg 180 sekkar klare ved Haugland og skal seljast for det gode føremålet.

Dette originale opplegget for finansiering av koret blir no gjennomført for andre gongen og igjen er det Kåre Vetrhus som står bak det. Han er eigar av både bjørk og ask i store mengder og som engasjert kormedlem tek han ikkje betaling for veden.

Det har vore ein lang produksjonsprosess som omtrent halvparten av dei rundt 30 kormedlemmene har delteke i fysisk. 4 dugnadsøkter er gjennomført på Vetrhus sin eigedom ovanfor Haugland og siste økt var fylling av veden i sekkar.

Korleis salet skal skje er det førebels ikkje teke standpunkt til, men det er grunn til å tru at kormedlemmene sjølve vil kjøpa eit betydeleg kvantum.

- Eg tykte dette var ein betre måte å finansiera koret på enn å arrangera kakelotteri, seier Kåre til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen

